



Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Kantina, Kommunehuset
Dato:	07.06.2011
Tid:	13:00

Forfall må meldast til utvalssekretær på telefon 71 27 05 00 som syt for innkalling av varamedlemmer. Varamedlemmer møter etter nærare melding.

SAKSLISTE

Orientering: Inneklime - kommunehuset
Aktiv på dagtid – Midsund kommune

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 11/42	Godkjenning av protokoll	
PS 11/43	Referatsaker	
PS 11/44	Økonomirapport 1. tertial 2011	2011/338
PS 11/45	Gjerdet barnehage – budsjett (ettersendast)	2011/349
PS 11/46	Nytt investeringsprosjekt i 2011: Otrøy kyrkje	2011/285
PS 11/47	Orientering om framdrift investering og utbetringar ved Midsund omsorgssenter	2011/343
PS 11/48	Rettleiande satsar for utmåling av økonomisk stønad til livsopphald.	2011/306
PS 11/49	Søknad om kommunal overtaking av veglys i Ny-hamna bustadfelt	2011/302
PS 11/50	Veglys på Opstad - flytting av eksisterande og oppsetjing av nye lys.	2011/211
PS 11/51	Asfaltering av kommunale vegar 2011	2011/300
PS 11/52	Leigeavtale med Istad av bygget i Rakvågen	2011/348
PS 11/53	GassROR samarbeidsavtale IV	2011/317
PS 11/54	Realisering av nye lokaler for Krisesenteret for Molde og omegn IKS	2009/321
PS 11/55	Midsund Kulturskule 2011/ 2012	2010/320
PS 11/56	"Saman om ein betre kommune" - kvalitetsutviklingsprogram i kommunal sektor 2011 (ettersendast)	2011/347
PS 11/57	Fartsgrensedsetting i Ugelvika	2011/277

PS 11/58	Søknad om skjenke/serveringsløyve i forbindelse med Midsund Fiske og friluftsfestival 2011 - Midsund Kro AS	2011/323
PS 11/59	Søknad om utvida skjenketid for alkoholservering i forbindelse med Midsund fiske- og friluftsfestival 2011 - Ne`ste AS	2011/332
Lukka møte	Kommunelova § 31 nr. 3	
PS 11/60	Heidersteikn og prisar	2010/410
PS 11/61	Heidersteikn og prisar	2011/342

Midsund, 31.05.2011

Helge Orten
ordfører

Ann Torill Vaksvik
sekretær

PS 11/42 Godkjenning av protokoll

PS 11/43 Referatsaker



Midsund kommune
Økonomikontoret

Arkivsak: 2011/338-1
Arkiv: 150
Saksbeh: Anne Oterhals
Dato: 25.05.2011

Saksframlegg

Økonomirapport 1. tertial 2011

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/44	Formannskapet	07.06.2011
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

1. Kommunestyret tek økonomirapport 1. tertial 2011 til vitande.
2. Dekking av resterande underskot frå 2008 på kr 1 556 000,- innarbeidast i budsjett 2011 slik:
Ansvaret 9300 Disp. av tidlegare års resultat, art 1530, aukast med kr 1 556 000,-
Ansvaret 9800 Overføring frå drift til investering, art 1570, reduserast med kr 1 556 000,-
Ansvaret 9800 Overføring frå drift til investering, art 0970, reduserast med kr 1 556 000,-
Ansvaret 9100 Bruk av lån, art 0910, aukast med kr 1 556 000,-
3. Rådmannen får fullmakt til å omdisponere kr 70 000,- mellom ansvar 2700 Midsund barnehage og ansvar 2720 Raknes barnehage.

Saksutgreiing:

Sjå vedlagt økonomirapport for 1. tertial 2011.

Ann Heidi P. Orvik
Konstituert rådmann

Anne Oterhals
Økonomisjef

Vedlegg (prenta):
Økonomirapport 1. tertial 2011

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:
Økonomikontor
Kommunerevisor
Kontrollutvalg



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2011/285-10

Arkiv: 153

Saksbeh: Ann-Heidi Paulsen
Orvik

Dato: 23.05.2011

Saksframlegg

Nytt investeringsprosjekt i 2011: Utbetring Otrøy kyrkje

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/46	Formannskapet	07.06.2011
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

Midsund kommune innarbeider tiltaket utbetringar ved Otrøy kyrkje i år 2011.

Investeringsbudsjett ansvar 1900 Midsund sokn, prosjekt xx aukast med kr 140 000, og ansvar 9100 bruk av lån aukast tilsvarande.

Saksutgreiing:

Midsund sokn søkjar i brev datert 26.04.2011 kommunen om ekstraløyving til tiltaket "luftfuktar" med kr 140 000 i 2011.

Då varmepumpene i Otrøy kyrkje vart installert tok ein bort den gamle luftfuktaren. Det viser seg no at det er behov for luftfuktar, elles tørkar treverk og inventar ut og kan på sikt øydeleggje bygg, orgel og altertavla. Då ei skulle starte arbeidet i år fann ein ut at straumkapasiteten i kyrkja er for lav til å drifte alt nytt teknisk utstyr, og det er behov for nytt strauminntak samt hovudfordelingsskap. Gjennomfører ein desse tiltaka vil kyrkja og bli meir brannsikker.

Rådmannen rår til at ei ser saka samla som ei investeringssak, og finansierar tiltaket ved bruk av lån tilsvarande kr 140 000.

Vurdering:

Alternativkostnaden i form av skader på kyrkjebygg og inventar er store, og aukande jo lengre tid situasjonen får utvikle seg. På dette grunnlag finn rådmannen å innstille på å gje tilleggslyyving til formålet. Finansiering av tiltaket vert gjennom investeringsbudsjettet gjennom opptak av nye lån.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Auka finanskostnader gjennom auka lån med dagens rente og avdragtid, om lag kr 11 000 per år som må innarbeidast i økonomiplana.

Ann-Heidi Paulsen Orvik
Konst.rådmann

Vedlegg (prenta):

Brev frå Midsund Sokneråd datert 26.04.2011

Vedlegg (uprenta):**Særutskrift går til:**

Midsund Sokn
Teknisk sjef



Midsund kommune
Personalkontoret

Arkivsak: 2011/343-2

Arkiv:

Saksbeh: Ann-Heidi Paulsen
Orvik

Dato: 27.05.2011

Saksframlegg

Orientering om framdrift investering og utbetringar ved Midsund omsorgssenter

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/47	Formannskapet	07.06.2011
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

Saka takast til vitande.

Saksutgreiing:

Rådmannen viser til vedtak for budsjett 2011 for ansvar Midsund sjukeheim. I tekstgrunnlaget for endring i driftsramme for 2011 og i planperioden står følgjande om Midsund sjukeheim:

”Avdeling sjukeheimen aukar med 4 nye sjukeheims plassar. Fjordstua vert ein del av avdeling Fjellstua. Totalt vert dette ei somatisk avdeling med 16 plasser. Havstua vert redusert med 2 plassar som vert føreset brukt til habilitering/rehabilitering.”

I oversikt over investeringar står det vidare:

”For å nå målet om 4 nye sjukeheims plassar, krev dette investering i 2 godkjente rom med bad/wc på Fjordstua. Her kjem eiga sak i 2011.”

Summen av dette budsjettvedtak er at sjukeheimen har 34 langtids plassar (8 plassar på Havstua, 16 plassar på Fjellstua, 10 plasser på skjerma avdeling Solstua, og 2 habilitering-/rehabiliterings plassar).

Rådmannen har i tillegg til denne utfordringa blitt gjort kjend med nye utfordringar knytt til Midsund omsorgssenter som eg tilrår sjåast i samanheng med eit evt ombyggings- og utbetningsprosjekt på Fjordstua.

Det er ei aukande utfordring å kunne ha nok plassar på skjerma avdeling for demente. Her har ein, bare det siste halvåret, merka eit større press og behov. Dette er kjende utfordringar avdekt i demografiutviklinga med ei aldrande befolkning som samhandlingsreforma skal møte, og behovet vil vere veksande i åra som kjem.

Ved Solstua er brukarane svært stabile og har lang butid. Gjennom fagleg vurdering blir det gjort vedtak om tilbod her eller på somatisk avdeling alt etter det største behovet for tilrettelagt teneste hos brukar. Det kan då vere utfordringar med vandrarar, som pga somatisk sjukdom bør få tilbod utanfor skjerma avdeling. Dei kan ikkje bli flytta på grunna fare for å vandre ut av sjukeheimen. Slike pasientar er ekstra ressurskrevjande å gje tilstrekkeleg tenester inne på skjema avdeling.

Eininga ønskjer å utvida demensavdelinga med 2 plassar til gjennom å bygge om den eine stova. Dette vil gje 2 mindre avdelingar. I faglege tilrådingar til skjema avdeling, rådast det til ikkje å vere meir enn max 8 personar på ei skjerma avdeling. Pr. i dag har vi 10 personar på same avdeling. Minst ein av desse plassane bør være plass for korttidsopphald, der ein vil kunne gjere nødvendige utredningar, noko som manglar i dag.

Midsund sjukeheim har tatt vernerunde der det blir satt fokus på vedlikehaldet av bygget. Her er dei dårligaste forholda knytt til dei fleste vindaugar mot parkeringsplass/ legekontor. Her trekker det inn på romma, og dei må skiftast ut

Rekkverket på balkongane på same side av omsorgssenteret er rotne og må skiftes snarleg. Desse balkongane er til bruk for alle dei som bur på Havstua og Fjellstua.

Vurdering:

Fjordstua ble på slutten av 2007 ombygd til 4 plasser i bokollektiv til erstatning for Høgda. Dei 4 romma inneheld opphaldsrom/ soverom og dusj/ wc. Dei to siste romma har ikkje dusj/wc og er blitt brukt til m.a. korttidsopphald/ avlastning. Desse 2 romma har vore knytt til eit felles stort bad/ wc på andre sia av gangen. For å tilfredstille kravet for tilskott til nye sjukeheimplassar må alle rom har eigne dusj/ wc tilfredsstillande areal- og utformingskrav.

Det har vore eit samarbeid med teknisk for å sjå på mulighetene. Det kan bli svært utfordrande arealmessig å få til dei 6 plassane på Fjordstua ein har planer om. Om ikkje ein klarer å få til 6 rom i dette arealet, må ein få til mest mogleg.

Dei andre bygningstekniske forhold med bygget rådast til blir sett på og søkt utbetra når ein først set i gang arbeid ved bygget, og slik sett får heile bygget til akseptabel standard.

Rådmannen må få oppdrag frå Kommunestyret på ønskja omfang på investeringar. Vi har avgrensa kapasitet pt på teknisk avdeling, og oppdraget må truleg gjerast gjennom innleie av teknisk konsulenthjelp. Når kvalitetssikra informasjon for dei tiltak kommunestyret ønskjer utbetra føreligg, vil det bli lagt fram eigen investeringssak på dette. Ein ser ikkje å kunne få set i gang arbeid på bygget inneverande år.

Rådmannen rår difor til at ein avventar oppstart på utbetringar til ein har gjennomført eit planarbeid for korleis helse- og omsorgstenestene skal styrast i komande tiår, slik at ein ikkje gjer investeringar no som viser seg uheldige gitt utfordringsbiletet på sikt.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Bytte av vindauge og rekkverk bør prioriterast skifta i år, men omfang og pris er ikkje klarlagt. Teknisk vil kome attende med ei sak seinare i år som adresserar dette.

Ombygging av Fjordstua og Solstua avventast til Helse- og omsorgsplan 2020 ligg føre og legg langsiktige føringar for rom- og tenestebehov innan tenestene. Når plana ligg føre vil handlingsplana bli innarbeid i økonomiplana.

Ann-Heidi Paulsen Orvik
rådmann

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:

Eining helse og omsorg
Folkehelse rådgjever
Eining tekniske tenester
Hovudverneombod
Hovudtillitsvalde



Midsund kommune
Sosial

Arkivsak: 2011/306-1

Arkiv:

Saksbeh: Marit Myklebostad

Dato: 06.05.2011

Saksframlegg

Rettleiande satsar for utmåling av økonomisk stønad til livsopphald.

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/48	Formannskapet	07.06.2011
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

1. Midsund kommune vedtek å innføre Statleg rettleiande retningslinjer for utmåling av stønad til livsopphald. Dei nye rettleiande satsane vert gjort gjeldande frå og med 01.07.2011.

All arbeidsinntekt og trygdeytningar inkl. barnetrygd og kontantstøtte, med unntak av grunn- og hjelpestønad, vert teke med i vurderinga og lagt til grunn ved utmåling av stønaden.

2. I samsvar med rundskriv A – 1/2010 vert dei nye satsane slik:

Einsleg	kr 5.288
Ektepar/sambuarar	kr 8.783
Person i bufellesskap	kr 4.392
Barn 0-5 år	kr 2.017
Barn 6-10 år	kr 2.681
Barn 11-17 år	kr 3.361

3. Satsane justerast automatisk i tråd med endringane i dei statlege retningslinjene.

Saksutgreiing:

Formålet med økonomisk stønad etter lova er å sikre at alle har nok midlar til sitt livsopphald. I alle høve skal økonomisk stønad vere ei subsidiær yting som inneber at den enkelte først skal nytte alle moglegheiter til å forsørgje seg sjølv ved arbeid, trygdeytningar, studielån osv..

Jf. Lov om sosiale tjenester i NAV § 18 Stønad til livsopphald står det:” De som ikke kan sørge for sitt livsopphold gjennom arbeid eller ved å gjøre gjeldende økonomisk rettigheter, har krav på økonomisk stønad.

Stønaden bør ta sikte på å gjøre vedkommende selvhjulpen. Depatremetet kan gi veiledende retningslinjer for stønadsnivået.”

Vidare i same lov § 19 Stønad i særlige tilfeller står det: ” Kommunen kan i særlige tilfeller, selv om vilkårene i § 18 ikkje er tilstede, yte økonomisk hjelp til personer som trenger det for å kunne overvinne eller tilpasse seg en vanskelig livssituasjon.”

I og med at økonomisk stønad, jf. §18 første ledd i lov om sosiale tenester i NAV, er ein skjønsmessig yting skal det utøvast skjønn når det vert vurdert og om det skal ystast stønad og ved utmåling av stønad, dette er både ein rett og ei plikt dei kommunale tenestene i NAV-kontoret har.

I februar 2001 gav Sosial – og helsedepartementet retningsliner for utmåling av stønad til livsopphald etter sosialtenestelova. I rundskriv I-34/2001 er dei rettleiande retningslinjer vedr. stønad til livsopphald omtala. Frå 1. januar 2010 vart ny lov om sosiale tenester i NAV sett i kraft. Reglane om økonomisk stønad til livsopphald vert vidareført med same innhald som i sosialtenestelova, nytt rundskriv er ikkje ferdigstilt slik at rundskriv 1-34/2001 er framleis det rundskrivet som gjev rettleiing for bruk av lova.

Jf. rundskriv 1-34/2001 omfattar dei statlege rettleiande satsane utgifter til det daglege livsopphaldet: mat og drikke, kler og sko, hushaldsartiklar og hygiene med meir, TV-lisens, avis og telefon, fritidsaktivitetar, fritidsutstyr til barn og transportutgifter (bruk av offentleg transport i samband med daglege gjeremål).

Statlege rettleiande satsar for økonomisk sosialhjelp vert prisjustert. Satsane pr.01.01.2011er lista opp i Rundskriv A – 1/2010 og er som fylgjer:

Einsleg	kr 5.288
Ektepar/sambuarar	kr 8.783
Person i bufellesskap	kr 4.392
Barn 0-5 år	kr 2.017
Barn 6-10 år	kr 2.681
Barn 11-17 år	kr 3.361

Buutgifter, strøm og oppvarming, bustad- og innbuforsikring, innbu og utstyr er ikkje lagt inn i stønadssatsane. Desse utgiftene er også del av omgrepet livsopphald og er såleis ei ”pliktmessig” yting som må vurderast i kvart enkelt tilfelle.

Særskilde utgifter utover det som er nemnde ovanfor er heller ikkje teke inn i stønadssatsane og må vurderast i kvart enkelt tilfelle. Jf. rundskriv 1-34/2001 er spesielle utgifter definert slik: Utgifter i samband med høgtids- og merkedagar, fritidsutstyr (vaksne), spedbarnsutstyr, barnepass, skulestart, vidaregåande opplæring, utgifter knytt til samvær med born, lege, psykolog m.m., legemidlar, tannbehandling, syns- og høyrselshjelpemidlar m.m., flytteutgifter, vedlikehald av eigen bustad, bilhald og elles særlege behov. Dette er utgifter som i det enkelte høve kan vere ein del av livsopphaldet og såleis går inn i grunnlaget ved utmåling av stønad.

Den enkelte kommune står fritt til å avgjere om dei statlege rettleiande satsane for økonomisk sosialhjelp skal gjelde. Dagens livsopphaldssatsar i Midsund kommune er 50% av

minstepensjon i Folketrygda. Satsane skal dekkje utgifter til mat og drikke, daglegvarer og toalettartiklar, alle andre utgifter som inngår i dei statlege stønadssatsane kjem difor i tillegg til dei satsane som Midsund nyttar.

Saksbehandlar har vore i kontakt med mange NAV kontor i nærområdet og det viser seg at alle har gått over til å nytte statlege rettleiande satsar for utmåling av økonomisk stønad til livsopphald.

Dei rettleiande sosialhjelpssatsane som Midsund kommune har pr. dags dato er som fylgjer:

Einsleg	kr 4.700
Ektepar/sambuarar	kr 6.010
Tillegg pr. barn pr. måned er kr 1.310 (uavhengig av alder).	

Når det gjeld inntektsgrunnlaget vart det jf. HA-sak 99/009 vedteke at kontantstøtte ikkje skulle reknast med i inntektsgrunnlaget. Ved utmåling av økonomisk sosialhjelp etter dei kommunale rettleiande satsane har barnetrygd heller ikkje vore rekna med i inntektsgrunnlaget.

Ut over dette vert all arbeidsinntekt og trygdeytningar, med unntak av grunn- og hjelpestønad frå folketrygda, teke med i vurderinga og lagt til grunn ved utmåling av stønaden. Grunngeving for at grunn- og hjelpestønad ikkje vert rekna som inntekt er at desse stønaden er ytt grunna dokumenterte utgifter den enkelte har.

Jf. Rundskriv 1-34/2001 pkt. 5.1.2.3 står det m.a. at barnetrygd og kontantstøtte kan reknast med på lik line med andre inntekter ved vurdering av økonomisk sosialhjelp.

Jf. rundskriv 1-34/2001 pkt. 5.1.4.4.1 er det m.a. sagt om akutt hjelp .” Dersom situasjon er akutt, og det samtidig er grunn til å tro at søkeren om kort tid vil få midler til å forsørge seg selv, kan stønaden begrenses til et minimum. Dette innebærer at det gis stønad til livsnødvendigheter som mat og helt nødvendige artikler til personlig bruk, og til regninger som må betales for å hindre avstengning av nødvendige tjenester som strøm eller lignende.”

Av søknader om økonomisk sosialhjelp som Nav Midsund mottok er det svært få som kjem inn under omgrepet akutthjelp. Midsund har ikkje nytta egne satsar for akutthjelp då det likevel skal takast ei individuell vurdering i kvart enkelt høve.

Vurdering:

Dei rettleiande satsane for økonomisk sosialhjelp som vert nytta i Midsund kommune pr. i dag utgjer 50% av minstepensjonane i folketrygda og skal dekkje utgifter til mat og drikke, daglegvarer og toalettartiklar. Alle andre utgifter som inngår i dei statlege rettleiande satsane kjem i tillegg når sak vert behandla med utgangspunkt i dagens kommunale rettleiande satsar.

Dei satsane som vert nytta i dag har ikkje vore justert sidan 01.08.2006, her vil vi imidlertid peike på at satsane uansett er rettleiande og kvart enkelt høve skal søknader vurderast individuelt. Det er derfor ikkje grunn til å tru at den enkelte mottakar i Midsund har hatt eit uforsvarleg lågt nivå på sosialhjelpa til livsopphald sjølv om det er lenge sidan satsane vart justert og pr. i dag ligg ein del lågare enn dei statlege rettleiande satsane.

Som det går fram av ovanforståande oppsett er tillegg for barn i dei rettleiande satsane som vert nytta i Midsund i dag likt for alle barn uansett alder. I staten sine satsar er tillegget stigande etter alder, noko som etter vår vurdering verkar meir rettferdig for mottakaren.

Når det gjeld inntektsgrunnlaget vurderer vi det som forsvarleg at barnetrygd vert teke med i inntektsgrunnlaget på bakgrunn av at barnetillegget er såpass romsleg i samband med statlege

retteleiane satsar, like eins vurderer vi det som rett og rimeleg at kontantstøtte vert teke med i inntektsgrunnlaget.

Samla sett vurderer vi det som ein fordel at NAV Midsund går over til å nytte dei statlege rettleiande satsane ved utmåling av økonomisk sosialhjelp til livsopphald, det vil og føre til at Midsund nyttar same rettleiande satsar til livsopphald som dei andre kommunane i nærområdet.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Ut frå det kjennskap vi har til behov for økonomisk stønad til livsopphald blandt befolkninga i Midsund kommune ser vi ikkje at overgang frå kommunal rettleiande sosialhjelpssats til statleg rettleiande sosialhjelpssats vil ha store økonomiske konsekvensar i negativ eller positiv retning. Sjølv om den enkelte sats er høgare etter statens sine rettleiande satsar enn dei kommunen nyttar i dag skal den enkelte sats etter statens retningsliner dekke fleire utgifter. I tillegg vil inntektsgrunnlaget auke ved å legge inn barnetrygd og kontantstøtte.

Uansett kva for rettleiande sats som vert nytta skal kvar enkelt søknad i alle høve ha ei individuell vurdering.

Konklusjon:

Med utgangspunkt i ovanforståande finn rådmann å kunne tilrå at statlege rettleiande retningsliner for utmåling av økonomisk stønad til livsopphald i samsvar med rundskriv A-1/2010 vert innført frå og med 01.07.2011. All arbeidsinntekt og trygdeytningar inkl. barnetrygd og kontantstøtte vert teke med i vurderinga og lagt til grunn ved utmåling av økonomisk stønad til livsopphald. Når det gjeld grunnstønad og hjelpestønad frå folketrygda vert desse ikkje teke med i inntektsgrunnlaget, grunna at dette er ytingar som skal dekkje dokumenterte ekstra utgifter mottakaren har.

Vidare finn rådmann å kunne tilrå at satsane justerast automatisk i tråd med endringane i dei statlege retningslinene for utmåling av stønad til livsopphald.

Ann-Heidi Paulsen Orvik
Kst. rådmann

Marit Myklebostad
sosialleiar

Vedlegg (prenta): Rundskriv A – 1/2010

Vedlegg (uprenta): Lov om sosiale tenester i NAV
Rundskriv 1 – 34/2001

Særutskrift går til: Revisjon
Økonomiavdelinga



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2011/302-2
Arkiv: Q02
Saksbeh: Inge Rakvåg
Dato: 23.05.2011

Saksframlegg

Søknad om kommunal overtaking av veglys i Ny-hamna bustadfelt

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/49	Formannskapet	07.06.2011
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

Midsund kommune vil ikkje ta over drifta av veglysa i Ny-Hamn i Ugelvika.

Saksutgreiing:

Ny - Hamna bustadfelt i Ugelvika v/Hallstein Solvang har søkt om kommunal overtaking av veglysa, datert 02.04.11

Vurdering:

I dei siste åra har fleire bygder/velforeiningar sendt søknad om oppsetting av veglys (investering):

- *Raknes og omegn velforening*
- *Hagset*
- *Ræstad*

Teknisk sjef har blitt bedd av formannskapet å svare:

Kopi av brev til Raknes og omegn velforening.

Viser til brev av 07.04.10.

Midsund kommune har ei Trafikktryggingplan frå 2004 som vi prioriterer trafikktryggingstiltak ut i frå.

Den omsøkte strekninga står eit stykke ned på prioriteringslista, så ein kan ikkje rekne med at dette tiltaket blir prioritert før punkta ovanfor blir utført. Prosjekt som står før Raknes er:

- Komplettering av veglys Sjøsløttevegen
- Veglys på Gangstad - Skulekrysset
- Planlegging av gangvegar

I denne prioriteringa står veglys frå Raknes til Tangen langt ned på lista.

I år er ikkje nokon trafikktryggingstiltak prioritert.

Dette til orientering.

På investeringsbudsjettet for 2011 og 2012 er det ikkje løyvd pengar til trafikksikring.

Søknaden frå Ny - Hamna bustadfelt i Ugelvika gjeld ikkje oppsetjing av veglys, men overtaking vederlagsfritt etter oppsetting. Det blir då straumrekning og framtidige driftskostnadar som belastar framtidig driftsbudsjett.

Konklusjon.

Rådmannen meiner at ein bør vedlikehalde allereie eksisterande veglys før ein går på overtaking av nye, samt at alle bygdene/søknadane bør behandlast likt, derfor bør ein ikkje godkjenne denne søknaden heller.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Ingen

Ann-Heidi Orvik
rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Søknad av 02.04.11

Vedlegg (uprenta): Mappe

Særutskrift går til: Ny - Hamna bustadfelt v/Hallstein Solvang



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2011/211-3
Arkiv: Q02
Saksbeh: Inge Rakvåg
Dato: 23.05.2011

Saksframlegg

Veglys på Opstad - flytting av eksisterande og oppsetjing av nye lys.

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/50	Formannskapet	07.06.2011
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

1. Midsund kommune vil arbeide for å få kostnaden med flytting av dei 7 eksisterande veglysa inn i investeringsbudsjettet for 2012
2. Midsund kommune vil ikkje forskottere dei 6 nye lysa i aust eller ta over drifta av veglysa.

Saksutgreiing:

Viser til søknad frå bebuarane på Opstad v/ Agnar Opstad datert 15.03.2011.

Denne søknaden må delast i to prosjekt begge gjeld investering.

1. Flytting av 7 eksisterande veglys etter omlegging av fylkesvegen.
2. Oppsetting av 6 nye lys.

Vurdering:

1. Flytting av 7 eksisterande lys etter omlegging av fylkesvegen

Dessverre har ikkje desse 7 lysa blitt flytta etter omlegging av vegen. Sidan det var lys langs gamlevegen er det heilt klart at denne flyttinga bør prioriterast.

Framgangsmåten ved oppsetjing opp nye gatelys er å innhente tilbod frå godkjent leverandør som lagar lysberekning som følgjer søknaden til Statens vegvesen, evt Istad Nett og Televerket.

Oppsetjing av nye veglys eignar seg ikkje som dugnadsarbeid etter dagen lovverk og godkjenningsordning for slikt arbeid.

Konklusjon

Midsund kommune bør arbeide for å få denne kostnaden inn i investeringsbudsjettet for 2012

2. Oppsetting av 6 nye lys

I dei siste åra har fleire bygder/velforeningar sendt søknad om oppsetting av veglys (investering):

- *Raknes og omegn velforening*
- *Hagset*
- *Ræstad*

Teknisk sjef har blitt bedd av formannskapet å svare:

Kopi av brev til Raknes og omegn velforening.

Viser til brev av 07.04.10.

Midsund kommune har ei Trafikktryggingssplan frå 2004 som vi prioriterer trafikktryggingstiltak ut i frå. Den omsøkte strekninga står eit stykke ned på prioriteringslista, så ein kan ikkje rekne med at dette tiltaket blir prioritert før punkta ovanfor blir utført. Prosjekt som står før Raknes er:

- *Komplettering av veglys Sjøsettevegen*
- *Veglys på Gangstad - Skulekrysset*
- *Planlegging av gangvegar*

I denne prioriteringa står veglys frå Raknes til Tangen langt ned på lista.

I år er ikkje nokon trafikktryggingstiltak prioritert.

Detta til orientering.

På investeringsbudsjettet for 2011 og 2012 er det ikkje løyvd pengar til trafikksikring. Kostnadane for eit lyspunkt er ca. kr. 15.000.

Konklusjon.

Rådmannen meiner at ein bør vedlikehalde allereie eksisterande veglys før ein går på overtaking av nye, samt at alle bygdene/søknadane bør behandlast likt, derfor bør ein ikkje godkjenne denne søknaden heller.

Det er viktig å få flytta dei 7 eksisterande veglys.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Ingen

Ann Heidi P. Orvik
Konstituert rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Søknad av 15.03.11

Vedlegg (uprenta):Mappe

Særutskrift går til: Bebruarane på Opstad v/ Agnar Opstad



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2011/300-4
Arkiv: Q14
Saksbeh: Inge Rakvåg
Dato: 27.05.2011

Saksframlegg

Asfaltering av kommunale vegar 2011

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/51	Formannskapet	07.06.2011
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

Midsund kommune vidarefører asfalteringa på Skjervevegen i 2011.
Nylegging av ca. 900 m, frå Ågnegarden – x Fv 204.

Saksutgreiing:

Skjervevegen ved Ågnegarden – x Fv 204)

Dette er ein grusveg på totalt 1200 m som vi ønskjer å ruste opp med grøfter og grus, samt asfaltering. Kwart år får vi melding frå Fjord 1 om at standarden er så dårleg at bussane heller vil kjøre nyvegen.

I 2010 blei ca 250 m rusta opp og asfaltet. Det gjenstår ca. 900 m med ny asfalt.

Pris for asfaltering ca kr. 470.000. av eit budsjett på kr. 500.000.

Vurdering:

På investeringsbudsjettet er det berre lov å bokføre nyasfaltering. Det kan dessutan takast med reasfaltering dersom det er større utviding- og/eller opprustingstiltak samtidig. Tek derfor grusvegar som treng akutt vedlikehald.

Tek ikkje med andre vegstrekningar i saksutgreiinga sidan dette er viktig å få utført i 2011, for å spare vedlikehaldsbudsjettet. Og denne vegstrekninga er ei vidareføring frå 2010.

Konklusjon

Rådmannen ønskjer vidareføring av asfalteringa på Skjernevegen i 2011, etter at dette er utført er heile vegen asfaltert.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Som økonomiplana – kr. 500.000.

Ann-Heidi Orvik
rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Ingen

Vedlegg (uprenta):Mappe

Særutskrift går til:



Midsund kommune
Helse og omsorg

Arkivsak: 2011/348-1

Arkiv:

Saksbeh: Leif Arne Lagesen

Dato: 27.05.2011

Saksframlegg

Leigeavtale med Istad av bygget i Rakvågen

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/52	Formannskapet	07.06.2011
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

Leigekontrakt med Istad Kraft for "Istadbygget" gjeldande for 5 år frå 1.7.2011 godkjennast slik han ligg føre med ein årleg kostnad av kr 178.448,-

Saksutgreiing:

I budsjett for 2011 er teksten til endringar i driftsramma for 2011 og i planperioden; "*Budsjettert reduksjon i ramme Butenesta føreset nye lokalar og tilbod frå februar 2011(Aktivitetssenter) i eigde eller leigde lokalar*".

Som kjent for kommunestyret har det vore arbeidd med å kunne få leige "Istadbygget" i Rakvågen til erstatning for Aktivitetssentret Eik. Leigeforholdet skal vare fram til det nye aktivitetssentret står ferdig bygd, jfr. vedtak i kommunestyret sak 10/22.

Føresetning for leige av bygget er at det inngåast ein leigeavtale på minimum 5 år. Ordførar Helge Orten har saman med einingsleiar Leif Arne Lagesen vore i møte med representantar for Istad, for å forhandle fram ein leigeavtale.

Vurdering:

Det har tatt noko tid å få til denne avtalen. Det skuldast mellom anna at Istad har arbeidd med å skaffe dei tilsette i Istad anna lokale. I slutten av mars hadde dei klart å skaffe anna lokale. Dei var då i kontakt med einingsleiar, og måtte få avklart om kommunen framleis var interessert i å leige bygget. Her vart det, i kontakt med rådmann og ordførar semje om å seie ja til leie.

Det har vore fleire synfaringar på bygget, av avdelingsleiar i Butenesta, verneombod og representant frå teknisk.

For å kunne leige bygget har ein frå avdeling Butenesta lagt fram krav om nødvendige endringar for å kunne ta bygget i bruk. Ein har vore nøktern på kva som må gjerast. Dette med tanke på at kostnadane vil bli belasta over heile leigeperioden (fordelt på 5 år).

Følgjande krav til endring er satt fram:

1. Handikap wc/ stellerom.
2. Ny og utvida inngangsdør, med tanke på rullestolbrukarar
3. Skifte og utviding av dør til kvilerom
4. Garderobe for tilsette
5. Skifte av golvbelegg i gang
6. Skifte av lås på hovuddører (systemlås)

Alle utbetringar blir gjennomført av Istad før leigeforholdet tek til, og vi kan ta i bruk bygget.

Som det kjem fram i leieavtalen § 5, vil den årlege kostnaden på leige vere til saman kr. 178.448,- . Leigetakar vil ta i bruk bygget frå 01.07.2011, som blir dato for oppstart av leigeforholdet.

I perioden fram til 04.09.2011 vil avdeling Butenesta bruke tida til planlegging av arbeid/aktivitet med driftsplaner, individuell vurdering, hms og budsjett. Ein vil vere i dialog med NAV og andre relevante samarbeidspartar om driftstilbod og finansiering. Mellom anna skal produksjon av ved for sal være utgift- og innteksført i rekneskapet til kommunen. Frå same dato vil Butenesta bli redusert med ei 100% stilling. Turnus blir omlagt og tilpassa behovet med det nye aktivitetssentret.

Det vil vere behov for investering av diverse utstyr til aktivitet og inventar. Inventar i Aktivitetssentret Eik kan ikkje nyttast vidare, då det meste er utstyr som vart kjøpt bruk i 1993. Tilsette har ved nokre høve gitt stolar og sofa som dei sjølv ville ha frå seg. Det som pr. i dag er i bra stand er vedklyvar og noko utstyr rundt dette. Inventar og utstyr må kome som eiga sak til første møte i kommunestyret til hausten.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Drifta av avdelinga blir i tråd med budsjettføresegn, og estimerte innsparingar kan takast ut. Eit forsvarleg arbeidsmiljø for tilsette og brukarar av Eik etablerast.

Ann-Heidi Orvik
konstituert rådmann

Leif Arne Lagesen
Einingsleiar Helse og omsorg

Vedlegg (prenta):

Forslag til leigekontrakt frå Istad Kraft

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:

Istad Kraft, Molde



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2011/317-2
Arkiv: 026
Saksbeh: Ann-Heidi Paulsen
Orvik
Dato: 26.05.2011

Saksframlegg

GassROR samarbeidsavtale IV

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/53	Formannskapet	07.06.2011
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

Midsund kommune sluttar seg til GassROR samarbeidsavtale IV slik den ligg føre. Avtalen gjeld fram til 31.12.2015. Intensjonen er ytterlegare vidareføring til felles nytte for partane.

Midsund kommune dekkjer del til samarbeidet for 2011, stort kr 50 000 over ansvar 1211 næringsfond.

Saksutgreiing:

På årsmøtet i GassROR IKS 2010 ble rådmennene i GassROR kommunene, med Dagfinn Aasen som leder, bedt om å *foreta en evaluering av Samarbeidsavtale 3 og samtidig vurdere behovet for en vidareføring av samarbeidet i en ny Samarbeidsavtale 4*. Arbeidsgruppa har gjennomgått Samarbeidsavtale 3, og vurdert det slik at avtalen har vært et nyttig og nødvendig bidrag i GassROR samarbeidet. Arbeidsgruppa foreslår at det inngås en ny oppdatert samarbeidsavtale 4 med en tidsramme frem til 31.12.2015.

Den viktigste endringen i avtalen er at man har som mål at den strategiske aktiviteten i GassROR trappes opp og at samarbeidsorganet tar initiativ og gir innspill for å nå de mål og oppgaver som fremgår av punkt 4 i den nye avtalen.

GassROR IKS vedtok i sak 6/2011 at "Forslag til ny Samarbeidsavtale 4, med en tilføyelse, ble vedtatt oversendt til eierkommunene for godkjenning med en svarfrist til 1.7.2011.

Tilføyelsen til punkt 4:

-Arbeide for at Høgskolen i Molde skal fremstå som kompetansesenter innen petroleumslogistikk.

Samarbeidsavtale 4 har si forankring i tidlegare inngåtte avtalar, og er ei vidareføring av intensjonane og samarbeidsform som lå til grunn for desse.

Vurdering:

Midsund kommune har hatt stor nytte av å vere i dette strategiske fellesskap med nabokommunane, og delta i den strategiske nærings- og bustadsutviklinga i vårt nærrområde.

Ny samarbeidsavtale stiller større krav til aktivitet i samarbeidet. Det skal arbeidast aktivt for å auke inntektene som skal forvaltast gjennom selskapet GassROR IKS.

Dersom eigedomsskatteinntektene i ein av kommunane aukar som følgje av at målsettingar i Samarbeidsavtale 4 blir nådd, skal ein del av inntektene til falle GassROR IKS etter same prinsipp som er nedfelt i selskapsavtalen § 8, pt. 10 %.

Inntektene frå Nyhamna - landanlegget til Ormen Lange - har auka vesentleg i perioden fram til 2010. Dette skuldast løpande justering i takt med utbygginga og på grunn av opptrappingsplana i eigedomsskattelova (max 7 promille), frå ca. 2 til ca. 14 mill.kr. Fræna kommune sitt årlege tilskot er i perioden auka frå ca kr 230000 til i dag ca kr 680000. Kronetilskotet frå øvrige kommunar er ikkje justert i perioden.

Samarbeidsavtale 4 legg slik auke til grunn:

- Kommunane Aukra og Fræna:
10% av til ei kvar tid innfordringsbar eigedomsskatt (herunder og gevinst som følgje av omtaksering i 2013)
- Andre kommunar:
2011: 25 kroner pr innbyggjar
Frå og med 2012: 25 kr pr innbyggjar, som årleg blir oppjustert med 5%

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Midsund kommune dekkjer sitt engasjement i GassROR gjennom bruk av næringsfondet, og dette er godkjent bruk av fondet frå Møre og Romsdal fylke som tilskotsmynde. Effekten av samarbeidet i GassROR opplevjast som nyttig og av stor verdi, og gjevast prioritet også i åra som kjem.

I år 2011 utgjer vår del ca kr 50 000. Framtidig auke arbeidast inn i økonomiplan, men med årlege godkjenning av driftsbidrag i Tiltaksnemnda i eiga sak.

Ann-Heidi Paulsen Orvik
Konst.rådmann

Vedlegg (prenta):

Forslag til Samarbeidsavtale 4 GassROR

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:

GassROR IKS, v/ dagleg leiar i Aukra Næringsforum



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2009/321-2

Arkiv:

Saksbeh: Ann-Heidi Paulsen
Orvik

Dato: 30.05.2011

Saksframlegg

Realisering av nye lokaler for Kriesesenteret for Molde og omegn IKS

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/54	Formannskapet	07.06.2011
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

Midsund kommune gir sin tilslutning til at det arbeides videre for å realisere nye lokaler for Molde og Omegn kriesesenter IKS i samsvar med de føringer som er gitt av styre og representantskap.

Saksutgreiing:

Styret for Kriesesenteret for Molde og omegn IKS vender seg til eigarkommunane i notat datert 27.05.2011 for å avklare eigarkommunane sine syn på realisering av nye lokalar for kriesesenterdrifta.

Nedanfor er referert i fulltekst notatet frå styret for Kriesesenteret for Molde og omegn IKS.

1. Bakgrunn for notatet

Lokalene til Kriesesenteret for Molde og omegn IKS er ikke egnet til kriesesenterdrift, og Kriesesenteret for Molde og omegn har i en årrekke arbeidet for å realisere nye, tilrettelagte bygninger for videre drift av kriesesentertilbudet i eierkommunene.

Det er betydelige samordningsutfordringer knyttet til denne situasjonen. Et investeringsvedtak eller et leieforhold som innebærer økte årlige driftskostnader krever likelydende og samordnede vedtak i hele 11 eierkommuner i Romsdal og på Nordmøre. Dersom man skal finne ei god løsning for de bygningsmessige utfordringene som krisesenteret står overfor er det nødvendig å finne ei løsning som er godt forankret og akseptert i alle krisesenterets eierkommuner. Dette er krevende i seg selv, og ikke mindre krevende som følge av at de aller fleste eierkommunene står overfor til dels betydelig utfordrende økonomisk situasjon.

I dette notatet gjøres rede for bakgrunn for planlegging av nye krisesenterlokaler og planprosessen så langt.

Notatet munner ut i ei anbefaling til vedtak

2. Eierskap og juridiske føringer

Krisesenteret for Molde og omegn IKS eies av de 11 kommuner. Pr. 01.01.2010 er eierforholdet slik

Molde	34,9%
Fræna	13,2%
Sunndal	10,4%
Rauma	10,5%
Vestnes	9,2%
Eide	4,7%
Neset	4,4%
Aukra	4,5%
Gjemnes	3,7%
Midsund	2,7%
Sandøy	1,9%

Eierkommunene hefter ubegrenset for selskapets disposisjoner og gjeld i samme forhold som det antall innbyggere de har innenfor sine områder ved siste årsskifte.

I følge selskapsavtale og vedtekt (§ 3) kan selskapet ta opp lån i banker og kredittinstitusjoner etter vedtak i representantskapet. Representantskapet vedtar krisesenterets budsjett for kommende år og selskapets økonomiplan (§5).

Vedtak i representantskapet må godkjennes i den utstrekning dette blir krevd etter lov om IKS eller lovgivningen ellers (§ 5)

I Lov om interkommunale selskaper § 22 går det frem at selskapet ikke kan ta opplån med mindre det er særskilt fastsatt i selskapsavtalen at selskapet skal ha slik adgang. Dersom selskapet har adgang til å ta opplån, skal det i selskapsavtalen være fastsatt en høyeste ramme for selskapets samlede låneopptak. Det er ikke fastsatt slik ramme for låneopptak for krisesenteret for Molde og omegn IKS. Det innebærer at et eventuelt låneopptak til finansiering av nye krisesenterlokaler vil måtte godkjennes av kommunestyret i hver enkelt av eierkommunene.

Når det gjelder årsbudsjettet til et IKS skal dette som nevnt vedtas av representantskapet. Ettersom selskapets budsjett forutsetter tilskudd fra deltakerne, er budsjettet ikke endelig før

kommunedeltakernes budsjetter er behandlet etter kommunelovens § 45 nr. 4, for så vidt angår tilskuddet. (IKS-lovens § 18).

Den enkelte eierkommune kan med ett års skriftlig varsel si opp sitt deltakerforhold i selskapet (Selskapsavtalens § 10)

3. Ny krisesenterlov og ny finansieringsordning

1. januar 2010 trådte ny lov om kommunale krisesenter i kraft. Lovens formål er å sikre et godt og helhetlig krisesentertilbud til kvinner, menn og barn som er utsatt for vold eller trusler om vold i nære relasjoner. Kommunen er med denne loven pliktig til å sørge for et krisesentertilbud som skal kunne benyttes av personer som er utsatt for vold eller trusler om vold i nære relasjoner, og som har behov for rådgivning eller et trygt og midlertidig botilbud. Tilbudet skal omfatte et krisesenter eller et tilsvarende gratis, heldøgns, trygt og midlertidig botilbud, gratis dagtilbud, veiledningstjenester pr telefon og oppfølging i reetableringsfasen.

Kommunene er med den nye loven altså tillagt en ny oppgave. Krisesentertilbudet var tidligere en frivillig oppgave, noe som også innebar at krisesentertilbudene har vært ulikt utviklet i ulike deler av landet. Den nye loven presiserer også at sentrenes ansatte skal ha nødvendig kompetanse til å dekke de særskilte behovene til brukerne. Krisesenteret for de 11 samarbeidende kommunene i Romsdal og på Nordmøre har vært et svært godt utviklet tilbud, både når det gjelder dimensjonering og kvalitet. Blant annet var senteret i Molde allerede fra 2002 drevet med bare faste ansatte. Lovfesting av krisesentertilbudet innebar i realiteten bare en endring for driften av krisesenteret, nemlig plikten til nå også å gi et tilbud til menn. Dette tilbudet har krisesenteret gitt siden 1. januar 2010 uten at dette har gitt økte lønnskostnader for eierkommunene. Økte husleieutgifter er kr. 78.000,- pr år.

Med ny lov ble det også innført ny ordning for finansiering av krisesentertilbudet. Etter gammel ordning finansierte staten 80% av kostnadene ved krisesentertilbudet. De resterende 20% ble finansiert av eierkommunene i et spleiselag i samsvar med eierbrøken. Etter et overgangsår i 2010, er kommunenes krisesenterdrift fra og med 2011 finansiert fullt og helt gjennom kommunenes rammetilskudd. Styrkingen i kommunenes rammer var dessverre på langt nær nok til å finansiere drift av et krisesenter med samme kvalitet og omfang som det regionen har hatt de siste årene. Som følge av endringen i finansieringsordningen manglet det i alt 2,33 millioner kroner for å opprettholde driften av krisesenterets aktivitet. Pr i dag har derfor et flertall av eierkommunene omdisponert midler fra andre driftsoppgaver slik at krisesenteret kan videreføre driften på det nivået den var før krisesenterdrift ble en lovpålagt oppgave og før omleggingen av finansieringsordningen. For å nevne noen eksempel kan det vises til at Molde kommune økte sin bevilgning til krisesenterdrift med knapt 900.000 fra 2010 til 2011. Tilsvarende tall for Midsund kommune var kr. 42.000 og Fræna kommune kr. 304.000.

7 av 11 eierkommuner har pr. 1. april bevilget fullt tilskudd til krisesenteret for 2011. Øvrige kommuner har signalisert at full finansiering vil komme på plass.

4. Lokaler – status og lovkrav

4.1 Dagens lokaler

Krisesenteret leier i dag en 4-mannsbolig i Øvre vei i Molde. Krisesenteret har hatt tilhold i bygget siden 1984. Det er Molde Utleieboliger KF som eier huset som ble bygget i 1955.

Arealet er på ca 500 kvm. Boligen ligger sentralt i Molde, noe som er en styrke både med tanke på tilgjengelighet for brukerne av senteret og nærhet til hjelpeapparatet.

Bygningen er imidlertid dårlig egnet for krisesenterdrift. Bygget er ikke tilrettelagt for ulike behov knyttet til senterets ulike brukergrupper, og tilfredsstillende på langt nær kravene i arbeidsmiljøloven når det gjelder fysiske forhold for ansatte.

Bygningene har en rekke svakheter og mangler i forhold til tilrettelegging for senterets ulike brukere. Brukerne er både voksne, barn, eldre funksjonshemmede og mennesker med minoritetsbakgrunn. Dette stiller store krav til bygningsmassen, slik at krisesenteret kan gi et tilbud som oppleves tilfredsstillende for hver av disse brukergruppene. Dagens lokaler er ikke universelt utformet, og krisesenteret opplevde nylig å måtte avvise/videresende en voldsutsatt kvinne i rullestol. Det blir også pekt på at lydgjennomgang og romløsninger gjør det vanskelig å ivareta personvern hensyn for brukerne. I tillegg oppleves sikkerheten som ikke fullt ut tilfredsstillende, da det vil være relativt enkelt for en eventuell inntrenger å ta seg inn gjennom vinduer og verandadør.

Når det gjelder fysiske forhold for ansatte dreier det seg om sikkerhet, lys, takhøyde, ventilasjon, toalett, garderobeforhold, spiserom, møterom, samtalerom etc.

Arbeidstilsynet gjennomførte tilsyn i juni 2010. Dette tilsynet ble gjennomført på en avgrenset del av virksomheten, og med bakgrunn i at krisesenteret arbeider med å finne mer egnede lokaler fokuserte ikke tilsynet på de bygningsmessige forholdene. Arbeidstilsynet påla imidlertid krisesenteret å knytte seg til bedriftshelsetjenesten slik at de fikk gjennomført en risikovurdering og generell kartlegging/vurdering av dagens arbeidslokaler. Vernerunde ble gjennomført i januar 2011. I denne gjennomgangen ble det pekt på en rekke utilfredsstillende forhold: dårlig klima og luftkvalitet, manglende garderobe og vaskerom for de ansatte, potensielt farlige situasjoner på vinterstid pga takras i inngangspartiet, manglende fysisk tilrettelegging ved trapper (bratt, manglende rekkverk) etc.

4.2 Hva sier lovverket om fysisk tilrettelegging av krisesenterlokaler?

I Ot.prp. nr 96 Om lov om kommunale krisesenter understreker departementet i sin vurdering at voldsutsatte med nedsett funksjonsevne ikke skal diskrimineres. Dette er ikke spesifikt tatt inn i krisesenterlova, men departementet henviser til at dette er ivaretatt av nytt regelverk i lov om forbud mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne og i forslaget til ny plan- og bygningslov. Departementet skriver videre at krisesentertilbudet skal være av god kvalitet og legges til rette for brukeren så langt råd er. Dette gjelder også for voldsutsatte med nedsatt funksjonsevne, jf. § 3 i loven. Departementet skriver videre at dersom et krisesenter ikke blir vurdert som velegnet for å imøtekomme de behov en bruker har, må kommunen finne andre løsninger som sikrer et likeverdig tilbud.

5. Arbeidet med nye lokaler

5.1 Kort historikk

Eierkommunene v/Styringsgruppa besluttet allerede i 1996 å starte arbeidet med bygging av nytt krisesenter. I 2004 fulgte årsmøtet i Styringsgruppa for Krisesenteret opp med følgende vedtak "Årsmøtet ber krisesenteret jobbe videre med planene for nye lokaler i samarbeid med Molde kommune". Krisesenteret ble etablert som et Interkommunalt selskap fra 14. desember 2006. Krisesenterets representantskap består av to representanter fra hver av eierkommunene (3 fra Molde kommune). Representantskapets oppgave er bla å velge et styre bestående av 7 personer,

fastsette selskapets budsjett og langtidsplaner, samt behandle saker som krever godkjenning av eierkommunene, som endring i selskapsavtale eller låneopptak.

I 2010 vedtok representantskapet å utrede ulike alternativer for nytt krisesenter. Hammerø og Storvik fikk ansvaret for forprosjektering og utarbeidelse av funksjonsprogram. Representantskapet la vekt på at styret i det videre arbeidet med saken vurderer ulike alternative løsninger for nye lokaler for krisesenteret på en måte som både ivaretar hensynet til beliggenhet, universell utforming og nøktern økonomi.

5.2 Beliggenhet

Styret i Krisesenteret og et flertall av medlemmene i representantskapet har vektlagt sentral beliggenhet for krisesenteret. Representantskapet støttet derfor i møte 29. november 2010 opp om styrets anbefaling om å arbeide for å fremskaffe egnede lokaler til krisesenteret beliggende i Molde. Begrunnelsen for dette er i hovedsak at krisesenteret må ha en beliggenhet som gjør det enkelt å nå for brukerne av senteret uavhengig av hvilken medlemskommune man kommer fra. Mange av brukerne disponerer ikke egen bil, og tilgjengelighet med kollektivtransport er av den grunn spesielt viktig. Barn som i perioder er bosatt på senteret er ofte avhengig av kollektivtransport for å kunne fortsett sin skolegang i sine respektive hjemkommuner. For krisesenterets drift er det også vesentlig med nærhet til politi, NAV, barnevernstjeneste, familievernkontor etc. Det legges også vekt på at det må være nærhet til ledige plasser i barnehage og skole.

Molde gir med sin størrelse og sitt sentrum en trygghet når beboerne skal ferde alene, da det gir en trygghet å ha mye folk rundt seg. Som følge av de vurderinger som er gjort ovenfor arbeides det videre med målsetting om å etablere nye lokaler sentrumsnært i Molde.

5.3 Vurderte alternativer

Styret i krisesenteret har vurdert løsninger som innebærer både eie av eget bygg og leie av bygg fra kommune eller private.

I arbeidet så langt har styret for krisesenteret vurdert en rekke konkrete alternativer. En beskrivelse av disse følger nedenfor.

5.3.1 Lokalene til tidligere Eide psykiatriske senter

Krisesenteret har gjort en vurdering av lokalitetene ved tidligere Eide psykiatriske senter. Krisesenteret har sammen med Nordmøre Krisesenter vurdert sammenslåing og samlokalisering av krisesenterdrift i Nordmøre og Romsdal. Nordmøre Krisesenter har konkludert med videreføring av dagens organisering og bygging av nytt krisesenter i Kristiansund. Begrunnelsen for å legge vekk dette alternativet har fra begge senterenes side vært behovet for tilgjengelighet for brukerne.

5.3.2 Gamle sykepleierhøgskolen

Molde kommune er eier av lokalene der sykepleierhøgskolen holdt til før de flyttet inn i nye lokaler på Kvam. Etter at Molde kommune kjøpte bygningene har bygningene etter tur huset elever ved Bekkevoll og Sellanrå i forbindelse med nybygg og rehabilitering av disse skolebyggene. Etter en befaring i bygningsmassen konkluderte krisesenterets styre, i samarbeid med Hammerø og Storvik, med at bygget i utgangspunktet er lite egnet til krisesenterdrift og at nødvendig tilrettelegging ville bli kostnadskreven. Bygningsmassen har også en slik størrelse at krisesenteret eventuelt måtte ha andre brukere av bygget tett på den daglige krisesenterdriften. Dette vil være krevende både ut fra hensynet til ulike behov og hensynet til behovet for anonymitet.

5.3.3 Leie fra private

Krisesenteret annonserte rundt årsskiftet 2010/2011 etter egnede, sentrumsnære lokaler i det private markedet. Tilbakemeldingen på denne annonsen var begrenset, men et par av alternativene er grundigere vurdert. Dette gjelder Strandgata 1 (de øverste etasjene i Bygget der Telenor holdt til) og Amtmann Kroghsgate 5 (Comfort Hotel Nobel).

Strandgata 1

De to alternativene omfatter kjellerarealer, samt arealer i 3.-5. etasje i bygget der Televerket/Telenor tidligere drev sin virksomhet. Det er ikke utearealer i tilknytning til dette alternativet, og de totale årlige husleiekostnadene antas å bli minst like høye som kostnaden for et nytt bygg, slik dette er beregnet for alternativet med nybygg på fengselsmarka i Molde. Det er gjort beregninger som viser at leiekostnad inkl fellesutgifter vil ligge på mellom kr 2,1 og kr 2,9 mill pr år. Arealene for øvrig synes å kunne dekke det behovet krisesenteret har for tilrettelagte, sentrumsnære lokaler.

Amtmann Kroghsgate 5 – Hotel Nobel

Denne eiendommen har et brutto areal på 2.478 kvm fordelt over 5 etasjer. 1.-4. etg. leies i dag ut til Comfort Hotel Nobel og til kafe/bakeri i underetasjen. Det er sendt søknad til Molde Kommune for ombygging og påbygg til 17 leiligheter i 2. til 5. etasje. Bygget vurderes også solgt som det står. Pris for bygget antas å være høyere enn kostnaden for en løsningen med nybygg slik dette er beregnet for alternativet med nybygg på fengselsmarka i Molde. Det er behov for hurtig avklaring av et evt. kjøp og det tas forbehold om avvikling av eksisterende leiekontrakter og overtakelsestidspunkt. Arealet er langt større enn det Krisesenteret trenger til egen drift.

5.3.4 Samlokalisering med SMISO

Krisesenteret har mottatt en henvendelse fra SMISO (Senter mot incest og seksuelle overgrep) om eventuell samlokalisering i SMISOs lokaler. Denne løsningen har vært vurdert av Hammerø og Storvik. Lokalene i Moldelivegen 9 har et bruttoareal på 657 kvm. Tomten har et areal på 907 kvm. Krisesenteret har laget et funksjonsprogram som viser et arealbehov i størrelsesorden 1100 kvm brutto. Dersom det antas at 300 kvm av Krisesenterets byggeprogram kan løses innenfor eksisterende bygning, vil det gjenstå et utvidelsesbehov i størrelsesorden 7-800 kvm. Dette gir en bygning med et samlet areal på 1300-1500 kvm. Det understrekes at vurderingen er usikker.

På henvendelse til Molde kommune v/plansjef Jostein Bø meldes det at reguleringsmessig vil det kunne aksepteres at Krisesenteret etableres her (etter ny reguleringsplan), men at en så stor bygningsmessig utvidelse knapt er mulig, uten gjennom et helt nytt bygg. Konklusjonen er at et felles bygg for Smiso og Krisesenteret kan være mulig i Moldelivegen 9, men vil kreve helt ny bebyggelse. Dette betyr at eksisterende bygning må rives og verdien av denne avskrives. Smiso må finne alternative lokaler i byggeperioden.

5.3.5 Nybygg på fengselsmarka i Molde

Molde kommune eier arealer beliggende rett øst for det gamle fengselet i Molde. Her er det mulig å sette opp et helt nytt bygg for krisesenteret. Tomten må omreguleres for at Krisesenteret skal kunne realiseres her. Molde kommune arbeider også med planer for nytt kulturskolebygg på samme område. Aktuell løsning for en ny kulturskole er bruk av det gamle Molde fengsel med et tilknyttet nybygg. Før disse planene sluttføres er det uklart hvor stor del av fengselsmarka som går med til dette byggeprosjektet. Dette innebærer usikkerhet for om tomte på

fengselsmarka er stor nok til å kunne huse både kulturskole og krisesentervirksomhet. Det arbeides nå med en reguleringsplan for området.

Investeringskostnaden for et nytt bygg på fengselsmarka er anslått til kr. 28,3 mill.

Organisatorisk kan man tenke seg en løsning der krisesenteret selv bygger og eier et slik bygg, alternativt at bygget settes opp og leies ut av vertskommunen Molde (Molde Eiendom KF eller Molde Utleieboliger KF).

5.3.6 Strandgata 15

Strandgata 15 har stått tomt siden IR11 flyttet til Setnesmoen (5-10 år). Hammerø og Storvik Prosjekt AS har vurdert bygget med tanke på bruk for Krisesenteret. Strandgata er i 4 etasjer med et areal på i alt 653 kvm. Dvs at arealene må utvides med ca 400 kvm for å møte Krisesenterets arealbehov.

Teknisk sett må bygget betraktes som et råbygg. Det antas at ombyggingskostnader på eksisterende bygg vil bli vesentlige, opp mot 70-90% av nybyggkostnad. I tillegg kommer kostnadene til nytt tilbygg/anneks på ca 400 kvm. Dette vil sannsynligvis få en høy byggekostnad pga vanskelig tilgjengelig tomt og grunnarbeider (sprengning med mer). Beliggenheten gir også betydelig innsyn fra omkringliggende eiendommer. Styret vurderer dette alternativet å ikke være hensiktsmessig, både av praktiske og økonomiske grunner.

5.3.7 Moldelivegen 45

Moldelivegen 45 er i dag brukt som asylmottak. Bygget ble satt i stand for 1,3 mill kroner i forbindelse med at det ble inngått en 4-årig leieavtale for asylmottaket med varighet fram til 31.12.2012. Det er Molde Utleieboliger som står som utleier av eiendommen.

Før denne leieavtalen ble inngått ble det fremforhandlet avtale mellom Molde Utleieboliger KF og MOBO om salg av Moldelivegen 45 til MOBO. Handelen ble ikke håndtert som et ordinært salg av kommunens eiendom, men som en konvertering til heleide borettslagsleiligheter tilsvarende fremforhandlet verdi. Avtalen ble derfor ikke lagt frem for kommunestyret til godkjenning. MOBOs planer for eiendommen var å utvikle et borettslag på eiendommen, med 12-14 leiligheter. Planen forutsatte, så langt vi er kjent med, riving av eksisterende bygninger. Disse planene ble skrinlagt som følge av at Molde kommune tok bygget i bruk til asylmottak.

Vurderingen er at også for eventuell krisesenterdrift vil den eneste aktuelle løsningen være å rive eksisterende bygg for å sette opp nytt bygg på eiendommen. Dagens lokaler er ikke tilrettelagt for bevegelseshemmede og lokalene fremstår som utdaterte og utslitt. Et nybygg på denne eiendommen vil trolig gi årlige kostnader til renter og avdrag på linje med tilsvarende nybygg i fengselsmarka.

5.3.8 Julsundvegen 13 - De tidligere lokalene til Møre bispedømme (vest for fylkeshuset)

I Julsundvegen 13 ligger lokalene der Møre bispedømme tidligere hadde tilhold. Molde Eiendom KF har i dag kontorlokaler i eiendommen. Eiendommen består av et eldre trehus i flere etasjer, med et tilhørende tilbygg i en etasje. Det eldste bygget vil med mindre tilpasninger kunne legges til rette for kontor, møterom og oppholdsrom for krisesenteret, med et tilrettelagt botilbud for menn i byggets underetasje. Det vil kreve en større investering å legge til rette for beboerrom med sanitærfasiliteter. Det kreves både ombygging og påbygg. Ombygging og påbygg er kostnadsregnet til kr. 19,8 mill.

Molde kommune (Molde Eiendom KF) har i dag inntekter gjennom utleie av disse lokalene. Denne leieinntekten bortfaller dersom lokalene tas i bruk til krisesenterdrift, og Molde kommune som vertskommune må ta stilling til størrelsen på eventuell husleie for krisesenteret. Det må også gjøres reguleringsmessige avklaringer. Dette anses løsbart.

5.4 Økonomiske konsekvenser

Krisesenteret har i dag en årlig husleie på ca kr. 370.000. En økning av krisesenterets årlige driftskostnader som følge av nye lokaler vil måtte finansieres gjennom en økning i årlig tilskudd fra eierkommunene i samsvar med den enkelte kommunes eierandel i senteret (jfr. pkt 2). Det er for tidlig å være veldig presis på de økonomiske konsekvensene av prosjektet, men de vurderinger som er gjort så lang gir oss et anslag på omfanget.

Alternativet i bispegården med husleie og utbygging til 20 mill:

Årlig avdragskostnad 40 år 500.000
+ Årlig rentekostnad (5% rente) 1.000.000
= Årlige kostnader nybygg 1.500.000
+ evt husleie på eksisterende lokaler

Nybygg i fengselsmarka, eller på evt annen tomt, til 28,3 mill:

Årlig avdragskostnad 40 år 707.500
+ Årlig rentekostnad (5% rente) 1.415.000
= Årlige kostnader nybygg 2.122.500

Hvor stor del av dette krisesenteret eventuell kan betjene gjennom effektivisering av egen drift er et spørsmål styret må arbeide videre med frem mot beslutning. Det må selvsagt også arbeides videre med å definere et nøkternt, men realistisk arealbehov, i tillegg til å sørge for at de løsninger som velges er så nøkterne og effektive som mulig.

Det må også arbeides videre for å avklare om det er muligheter for gunstige finansierings- og støtteordninger gjennom Husbanken.

Det må også avklares om man gjennom låneavtaler (f.eks annuitetslån og fastrenteavtaler) kan bringe de årlige husleiekostnadene ned på et lavere og mer forutsigbart nivå. Dersom krisesenteret gjør avtale om leie av lokaler fra vertskommunen må disse avklaringene skje i samarbeid med Molde kommune.

5.5 Anbefalt løsning

Styret i krisesenteret anbefaler etter en samlet vurdering at det arbeides videre med ei løsning for nye krisesenterlokaler i Julsundvegen 13. I sin anbefaling vektlegger krisesenteret spesielt hensynet til medlemskommunenes økonomiske rammer, tidsaspektet og tomtetekvalitetene.

Fengselsmarka er også et godt alternativ, men en ser at dette alternativet er heftet med større usikkerhet og trolig en høyere økonomisk kostnad.

Den mest sannsynlige løsningen er at Molde kommune (Molde Eiendom KF el Molde Utleieboliger KF) står som eier av lokalene og at krisesenteret inngår en avtale om leie. Det innebærer i så fall at økte leiekostnader innarbeides i budsjett og økonomiplan som vedtas av representantskapet og bekrefte av eierkommunene gjennom vedtak av nytt tilskudd i årlig budsjett.

6. Videre prosess i IKS og eierkommuner

Som nevnt innledningsvis er det en betydelig samordningsutfordring knyttet til realisering av større prosjekt i et IKS med 11 eierkommuner der IKSet i sin helhet er finansiert gjennom tilskudd fra de 11 deltakerne.

Med bakgrunn i den redegjørelsen som kommer frem i notatet anbefaler styret og representantskap i Molde og omegn krisesenter IKS at eierkommunene i første omgang fatter et prinsippvedtak for å gi styret i krisesenteret et grunnlag til å kunne arbeide videre med saken i samsvar med de anbefalinger som er gitt av styret og representantskap, og gjengitt i dette notatet.

Styret og representantskap i Molde og omegn krisesenter IKS anbefaler at eierkommunene fatter følgende likelydende vedtak:

..... kommune gir sin tilslutning til at det arbeides videre for å realisere nye lokaler for Molde og Omegn krisesenter IKS i samsvar med de føringer som er gitt av styre og representantskap.

Vurdering:

Saka er meldt opp til felles formannskapsmøte i ROR 10.06.2011, og rådmannen rår til at formannskapet i Midsund har diskutert saka og kan ta med seg signal om korleis vi stiller oss til denne utfordringa i dette møtet. Midsund kommunestyre kan i møte 16.06.11 gje endeleg tilråding i saka på vegne av Midsund kommune.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Ei ytterlegare auke i driftsutgiftene til drift av Krisesenteret må finne sin dekking gjennom omprioritering av anna tenesteproduksjon i regi av Midsund kommune. Ein påreknar ikkje auke i utgiftene i 2011, og ei evt auke må innarbeidast på ordinært vis i budsjett 2012 og økonomiplan 2012-2015.

Ann-Heidi Paulsen Orvik
Konst. rådmann

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Notat frå Styret for Krisesenteret for Molde og omegn IKS
Selskapsavtale og vedtekter for Krisesenteret for Molde

Særutskrift går til:

Krisesenteret for Molde og omegn IKS



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2010/320-5

Arkiv:

Saksbeh: Ann-Heidi Paulsen
Orvik

Dato: 26.05.2011

Saksframlegg

Midsund Kulturskule 2011/ 2012

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/55	Formannskapet	07.06.2011
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

Rådmannen får fullmakt til å omdisponere inntil kr 25 500 mellom ansvar 1400 personaladministrasjon (vakante midlar) og ansvar 2200 kulturskule ved behov.

Rådmannen får fullmakt til å ta kontakt med nabokommunane med tanke på eit formalisert samarbeid som kan gje eit betre organisert, tilgjengeleg og mangfaldsrikt tilbud for brukarar av kulturskulen lokalt.

Saksutgreiing:

Rektor ved Midsund Kulturskule har gått gjennom søknadene til kulturskulen for skuleåret 2011/ 2012.

Kulturskulen har 17 vaksne elevar knytta til Marcato, 14 elevar som ønskjer tromme, 6 på keyboard/ piano, 5 på fiolin/ cello, 2 på trompet, 8 på song/ fløyte, 25 på gitar, 11 på piano og 7 på musikkterapi. Totalt gjev dette 95 elevar.

Kulturskulen ser og for skuleåret 2011/ 2012 kun å gje tilbud innan musikk, og oppfyller då ikkje lova i forhold til breidde på kulturskuletilbodet.

Rektor ved kulturskolen er pensjonist frå desember 2011, og ber om at det vert gjort tiltak for å rekruttere inn ny administrativ leiding av kulturskolen. Alternative måtar å organisere dette internt har blitt sett på av ei administrativ arbeidsgruppe med representasjon frå rektorane i grunnskolen, oppvekstrådgjeverar og kulturskulerektor samt tillitsvalde. Grappa ser ikkje andre naturlege interne samarbeidsmodellar for drift og administrasjon lokalt.

Vurdering:

Rådmannen ser at krava til leiding og administrasjon av kulturskulane er stramma inn, og både styresmakter og brukarar har forventningar til kulturskulane ut over det Midsund klarer å organisere åleine.

Dei tilsette i kulturskolen i Midsund har små og varierende stillingar som endrar seg i løpet av året etter etterspurnaden. Vi ser at det er vanskeleg å rekruttere ønska fagkompetanse i det omfang som det er etterspurnad etter. Administrasjon og organisering av fleire små tilbod lokalt gjev uforholdsmessig høge administrasjonsutgifter og vanskeleg kontinuitet, då faglærar gjerne kjem til timane og reiser like etter. All kontakt og administrasjon fell då på rektor.

Rådmannen ber om fullmakt til ta kontakt med nabokommunane med tanke på eit formalisert samarbeid som kan gje eit betre organisert, tilgjengeleg og mangfaldsrikt tilbod enn det vi klarer i dag til brukarar og tilsette. Dette arbeidet må setjast i gang no om vi skal kunne ha eit alternativt tilbod når rektor sluttar frå årsskiftet.

Då det er stor etterspurnad i haust etter trommeundervisning, og vi har tilgang til habil trommelærar lokalt, ber rådmannen om at vi mellombels for hausten 2011 kan tilsette trommelærar i 28 % stilling. Dette gjev ein heilårskostnad inkl sosiale utgifter på kr 128 000, der effekt for perioden august-desember 2011 er kr 43 000. Elevbetalinga til dette tiltaket for 14 elevar i eit semester blir kr 17 500. Denne personen kan på sikt over ein del av elevane som vert utan undervisar frå januar 2012, og gjev oss slik fleksibilitet og kapasitet i overgangen.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Tiltaket vil så langt råd finansierast innanfor eksisterande ramme til kulturskolen, ansvar 2200. Rådmannen ber om fullmakt til å omdisponere inntil kr 25 500 mellom ansvar 1400 personaladministrasjon (vakante midlar) og ansvar 2200 kulturskule ved behov. Får kulturskule selt tenester tilsvarande 18 % stilling til grunnskolen vil dette frigjere midlar.

Ann-Heidi Paulsen Orvik
Konst.rådmann

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Oversikt over tilbod i Kulturskolen skuleåret 2011/ 2012, elevar og tilsette (unntatt off. – internt arbeidsdokument)

Særutskrift går til:

Midsund Kulturskule v/ rektor

Møre og Romsdal Kulturskuleråd, Fylkeshuset, 6404 Molde

Htv Utdanningsforbundet Midsund



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2011/277-4
Arkiv: Q81
Saksbeh: Inge Rakvåg
Dato: 24.05.2011

Saksframlegg

Fartsgrensenedsetting i Ugelvika

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/57	Formannskapet	07.06.2011

Forslag til vedtak:

1. Midsund kommune vedtek å sette fartsgrensa på Røbergvegen og del av Magerøyvegen (frå Fjøsbakken til Risvika) til 40 km/t.
2. Arbeidet med skiltinga blir utført når Midsund kommune har funne budsjett på kr. 13.000 til skiltmateriell.

Saksutgreiing:

Det har over lengre tid vore etterspurt ei sak om fartsnedsetjing av dei to kommunale vegane i Ugelvika.

Teknisk har no laga ein skiltplan for vegane:

- Røbergvegen – ca. 680 m
- Magerøyvegen frå Fjøsbakken til Risvika - ca. 1250 m

Vurdering:

Skiltplana er utarbeida i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

Mynde til å vedta fartsgrenser på ein kommunal veg er kommunen med politiet som høyringsinstans. Lensmannen i Sund støtter forslaget i brev av 02.05.11. Kostnadane for skiltinga er kr. 13.000 i skiltmateriell. Rådmannen har pt ikkje funne budsjett for innkjøpet, sidan dette ansvaret har brukt ca. 50% i første tertial.

Konklusjon

Rådmannen vurderer desse vegane som smal og enkelte plassar uoversiktleg, blir forslaget på fartsgrense sett til 40 km/t.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Innkjøp av materiell ca. kr. 13.000

Ann-Heidi Orvik
rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Berv frå Nordmøre og Romsdal politidistrikt, Lensmannen i Sund av 02.05.11

Vedlegg (uprenta): Mappe

Særutskrift går til:



Midsund kommune
Sosial

Arkivsak: 2011/323-2
Arkiv: U63
Saksbeh: Marit Myklebostad
Dato: 25.05.2011

Saksframlegg

Søknad om skjenke/serveringsløyve i forbindelse med Midsund Fiske og friluftsfestival 2011 - Midsund Kro AS.

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/58	Formannskapet	07.06.2011

Forslag til vedtak:

Under føresetnad av at Midsund Fiske- og Friluftsfestival får løyve til å ha arrangement i Antonbua 14.07.2011 får Midsund Kro AS løyve til å skjenke alkoholhaldig drikke gruppe 1, 2 og 3 på inneområde. Løyve for uteområde gjeld gruppe 1 og 2.

Skjenketid for alkoholhaldig drikke gruppe 1 og 2 er sett frå kl 17.00 den 14.07.2011 til kl 02.00 den 15.07.2011.

Skjenketid for alkoholhaldig drikke gruppe 3 er sett frå kl 20.00 den 14.07.2011 til kl 02.00.2011 den 15.07.2011.

Skjenkeområdet er nedste etasje på Antonbua og piren som stikk ut mot sjøen, både inne- og uteområdet som vist på vedlagt skisse skal vere klart fysisk avgrensa.

Midsund Kro AS får løyve til å skjenke alkoholhaldig drikke i gruppe 1,2 og 3 i/ved eige telt på butikksetret i samband med gjennomføring av arrangementet Midsund Fiske- og Friluftsfestival.

Skjenkeløyve gjeld for perioden 15.07.2011 – 17.07.2011.

Skjenketid for alkoholhaldig drikke gruppe 1 og 2 vert i denne perioden sett frå kl 12.00 til kl 02.00.

Skjenketid for alkoholhaldig drikke gruppe 3 vert i denne perioden sett frå kl 20.00 til kl 02.00.

I den tida festivalområdet ikkje er avsperra skal all servering/skjenking finne stad i telt og tilgrensa område.

Når festivalområdet, dette inkluderer også opphaldsrom for artistane, blir stengt gjeld skjenkeløyve for alkoholhaldig drikke gruppe 1 og 2 heile området slik det er vist på vedlagt kart.

Saksutgreiing:

Midsund Kro AS søker i skriv datert 18.05.2011 om skjenkeløyve for øl, vin og brennevin i forbindelse med arrangementet **Midsund Fiske- og Friluftsfestival**. Festivalen er i tidsrommet 15.07.2011 – 17.07.2011. Skjenketida det er søkt om er frå kl 11.00 til kl 02.00.

Av søknaden går det fram at servering og skjenking vil finne stad på sentret i eit mellombels plassert telt. Kring teltet er det ynskje å ha ei bordrekke. Servering- og skjenkeareal vil vere klart fysisk avgrensa. I den tida området ikkje er avsperra vil skjenking gå føre seg i telt og tilgrensa område.

Av servering vil det bli enkel "handmat" og enkle grillrettar. Vakthald vert utført av festivalen samt eigne vakter.

Av søknaden går det også fram at Festivalen har planlagt eit arrangement torsdag 14.07.2011, Midsund Kro AS søker om skjenkeløyve også i samband med dette arrangementet. Når det gjeld arrangementet 14.07.2011 hadde det oppstått ein misforståelse vedr. plassering av dette arrangementet. Det har difor kome ei presisering frå festivalen v/Frits Inge Godø der det går fram at arrangementet er i Antonbua, det skal vere ein konsert og som ein del av arrangementet er det tenkt å be inn ein del gjester/sponsorar. I presiseringa vert det vist til at føresetnad for å gjennomføre dette arrangementet er at festivalen får løyve til å arrangere konserten i Antonbua. Om slikt løyve kan gjevast er ikkje avgjort enno. Det går vidare fram at skjenkeområde er nedste etasje på Antonbua og piren som stikk ut mot sjøen, om inneområdet er det sagt at det kan bli mindre, avhengig av kva som er mogleg å ta i bruk av bygget. Jf. skrivet vert det bedt om skjenkeløyve frå kl 17.00 den 14.07.2011 til kl 02.00 den 15.07.2011.

Utvalsak 08/58 viser kva alminneleg skjenkeløyve som gjeld i Midsund Kro sine lokale inkl. terrassen i 2. etg. og avgrensa område utanfor inngangspartiet til Midsund Kro AS.

Gjeldande frå 1. juli 2005 er det gjort endringar i Alkoholova og tilhøyrande forskrifter. Nemninga øl, vin og brennevin er tatt ut og erstatta med inndeling i grupper etter alkoholinnhaldet slik:

Gruppe 1 – drikk som inneheld over 2,5 og høgst 4,7 volumprosent alkohol

Gruppe 2 - drikk som inneheld over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol

Gruppe 3 - drikk som inneheld mellom 22 og 60 volumprosent alkohol

Jf. Alkoholova § 1-5 er nedre grense for sal, skjenking eller utlevering av alkoholhaldig drikke for gruppe 1 og 2 18 år, medan gruppe 3 har ei nedre aldersgrense på 20 år.

Vurdering:

Midsund kommune kan med heimel i Alkoholova utvide eksisterande løyve til å gjelde utanfor skjenkestaden/eller i andre lokale.

Søknaden frå Midsund Kro AS må sjåast på som ei utviding av eksisterande løyve for å skjenke øl, vin og brennevin i eit enkelt arrangement, jf. Alkohollova § 1-6, 2. ledd.

Jf. Alkohollova § 1-7 skal det vere innhenta uttale frå Politi. Det er innhenta munnleg uttale frå Lensmannen i Sund som ikkje har noko politimessig merknader.

Innehavar av skjenkeløyve må sjå til at Alkohollova med forskrifter blir følgd under arrangementa i perioden 14.07.2011 – 17.07.2011. Midsund kommune står fritt til å utføre kontroll med skjenkinga.

Av søknaden frå Midsund Kro AS går det fram at skjenketida det vert søkt om er frå kl 11.00 – kl 02.00 i perioden 14.07.2011 – 17.07.2011. Av skriftleg orientering om evt. arrangement på Antonbua 14.07.2011 er det bedt om skjenkeløyve for tidsrommet kl 17.00 – kl 02.00.

Jf. Alkohollova § 4-4, 4. ledd står det at skjenking av drikk med 22 volumprosent alkohol eller meir, dvs. gruppe 3, er forbode mellom kl 03.00 og kl 13.00. Skjenking av anna alkoholhaldig drikk er forbode mellom kl 03.00 og kl 06.00.

Konklusjon:

Med bakgrunn i ovanforståande og erfaring frå skjenkestaden, finn Rådmann å kunne tilrå at Midsund Kro AS får utvida skjenkeløyve for alkoholhaldig drikke gruppe 1, 2 og 3 i/ved eige telt på butikksentret i samband med gjennomføring av arrangementet Midsund Fiske- og Friluftsfestival i tidsrommet 15.07.2011 – 17.07.2011

Skjenketid for alkoholhaldig drikke gruppe 1 og 2 desse dagane vert sett frå kl 12.00 – kl 02.00.

Skjenketid for alkoholhaldig drikke gruppe 3 desse dagane vert sett frå kl 20.00 – kl 02.00.

Når festivalområdet inkl. opphaldsrom for artistane blir avstengt gjeld skjenkeløyve for alkoholhaldig drikke gruppe 1 og 2 heile området slik det er vist på vedlagt kart.

Under føresetnad av at Midsund Fiske- og Friluftsfestival får løyve til å arrangere konsert i Antonbua 14.07.2011 finn rådmann å kunne tilrå at Midsund Kro AS får løyve til å skjenke alkoholhaldig drikke gruppe 1, 2 og 3 på inneområde. Løyve for uteområde gjeld alkoholhaldig drikke gruppe 1 og 2.

Skjenketid for alkoholhaldig drikke gruppe 1 og 2 vert sett frå kl 17.00 til kl 02.00.

Skjenketid for alkoholhaldig drikke gruppe 3 vert sett frå kl 20.00 til kl 02.00.

Ann-Heidi Paulsen Orvik
konstituert rådmann

Marit Myklebostad
sosialleiar

Vedlegg (prenta): Søknad frå Midsund Kro AS
Kartskisse over festivalområdet
Skriv med orientering om evt. arrangement på
Antonbua 14.07.2011 m/skisse over Antonbua m/uteområde.

Vedlegg (uprenta): Komplette saksmappe
Alkoholova

Særutskrift går til: Midsund Kro AS, 6475 Midsund
Lensmannen i Sund, 6480 Aukra
Nordfjeldske Kontroll, 7282 Bogøyvær



Midsund kommune
Sosial

Arkivsak: 2011/332-3
Arkiv: U63
Saksbeh: Marit Myklebostad
Dato: 25.05.2011

Saksframlegg

Søknad om utvida skjenketid for alkoholserving i forbindelse med Midsund fiske- og friluftsfestival 2011 - Ne`ste AS

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/59	Formannskapet	07.06.2011

Forslag til vedtak:

Under føresetnad av at Midsund fiske- og friluftsfestival får løyve til å ha arrangement i Antonbua 14.07.2011 får Ne`ste AS løyve til å skjenke alkoholhaldig drikke gruppe 1, 2 og 3 på inneområde. Løyve for uteområde gjeld gruppe 1 og 2.

Skjenketid for alkoholhaldig drikke gruppe 1 og 2 er sett frå kl 17.00 den 14.07.2011 til kl 02.00 den 15.07.2011.

Skjenketid for alkoholhaldig drikke gruppe 3 er sett frå kl 20.00 den 17.07.2011 til kl 02.00.2011 den 15.07.2011.

Skjenkeområde er nedste etasje på Antonbua og piren som stikk ut mot sjøen, både inne- og uteområde som vist på vedlagt skisse skal vere klart fysisk avgrensa.

Ne`ste AS får løyve til å skjenke alkoholhaldig drikke i gruppe 1, 2 og 3 i eksisterande lokale inkludert terrasse og allereie inngjerda område i tilknytning til Ne`ste AS i samband med gjennomføringa av arrangementet Midsund fiske- og friluftsfestival.

Skjenkeløyve gjeld for perioden 15.07.2011 – 17.07.2011.

Skjenketid for alkoholhaldig drikke gruppe 1 og 2 vert i denne perioden sett til kl 12.00 – kl 02.00.

Skjenketid for alkoholhaldig drikke gruppe 3 vert i denne perioden sett til kl 20.00 – kl 02.00.

I den tida festivalområdet ikkje er avsperra skal all skjenking finne stad i Ne`ste AS sine eksisterande lokale, inkludert terrasse og allereie inngjerda område i tilknytning til Ne`ste AS.

Når festivalområdet, dette inkluderer også opphaldsrom for artistane, blir avstengt gjeld skjenkeløyve for alkoholhaldig drikke gruppe 1 og 2 heile området slik det er vist på vedlagt kart.

Saksutgreiing:

Ne`ste AS søker i to skriv datert 18.05.2011. Det eine skrivet er søknad om utvida skjenketid for uteservering i forbindelse med **Midsund fiske- og friluftsfestival**.

Det vert også søkt om løyve til å skjenke på heile festivalområdet som er inngjerda.

Festivalen er i tidsrommet 15.07.2011 – 17.07.2011.

Skjenketida det er søkt om er frå kl 10.00 til kl 02.00.

Det andre skrivet omhandlar søknad om skjenkeløyve for uteservering i forbindelse med planlagt arrangement på Antonbua torsdag 14.07.2011.

Skjenketida det er søkt om er frå kl 15.00 til kl 02.00.

Begge søknadane vert behandla i same sak.

Når det gjeld arrangementet 14.07.2011 har det kome ei skriftleg orientering frå festivalen v/Frits Inge Godø der det går fram at arrangementet i Antonbua er ein innandørs konsert, som ein del av arrangementet er det tenkt å be inn ein del gjester/sponsorar. I presiseringa vert det vist til at føresetnad for å gjennomføre dette arrangementet er at festivalen får løyve til å arrangere konserten i Antonbua. Om det kan gjevast slik løyve er ikkje avgjort enno.

Det går vidare fram at skjenkeområde er nedste etasje på Antonbua og piren som stikk ut mot sjøen, om inneområdet er det sagt at det kan bli mindre, avhengig av kva som er mogleg å ta i bruk av bygget. Jf. skriftleg orientering vert det bedt om skjenkeløyve frå kl 17.00 den 14.07.2011 til kl 02.00 den 15.07.2011.

Utvalssak 09/49 viser kva alminneleg skjenkeløyve som gjeld i Ne`ste sine lokale og på eit klart avgrensa uteområde ved skjenkestaden.

Gjeldande frå 1. juli 2005 er det gjort endringar i Alkohollova og tilhøyrande forskrifter. Nemninga øl, vin og brennevin er no tatt ut og erstatta med inndeling i grupper etter alkoholinnhaldet slik:

Gruppe 1: - drikk som inneheld over 2,5 og høgst 4,7 volumprosent alkohol.

Gruppe 2: - drikk som inneheld over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol

Gruppe 3: - drikk som inneheld mellom 22 og 60 volumprosent alkohol.

Jf. Alkohollova § 1-5 er nedre grense for sal, skjenking eller utlevering av alkoholhaldig drikke for gruppene 1 og 2 18 år, medan gruppe 3 har ei nedre aldersgrense på 20 år.

Vurdering:

Midsund kommune kan med heimel i Alkohollova utvide eksisterande løyve til å gjelde utanfor skjenkestaden/eller i andre lokale.

Søknadane frå Ne`ste AS må sjåast på som ei utviding av eksisterande løyve for skjenking i eit enkelt arrangement, jf. Alkohollova §1-6, 2. ledd.

Jf. Alkoholova § 1-7 skal det vere innhenta uttale frå Politiet. Det er innhenta munnleg uttale frå Lensmannen i Sund som ikkje har noko politimessig merknad.

Innehavar av skjenkeløve må sjå til at Alkoholova med forskrifter blir følgd under arrangementet i perioden 14.07.2011 – 17.07.2011. Midsund kommune står fritt til å utføre kontroll med skjenkinga.

Av søknadane frå Ne`ste AS går det fram at skjenketida det vert søkt om på festivalområdet er frå kl 10.00 til kl 02.00 og skjenketida i samband med arrangementet på Antonbua frå kl 15.00 til kl 02.00. Av skriftleg orientering om evt. arrangement på Antonbua er det bedt om skjenkeløyve for tidsrommet kl 17.00 – kl 02.00.

Jf. Alkoholova § 4-4, 4.ledd står det at skjenking av drikk med 22 volumprosent alkohol eller meir, dvs. gruppe 3, er forbode mellom kl 03.00 og kl 13.00. Skjenking av ane alkoholhaldig drikk er forbode mellom kl 03.00 og kl 06.00.

Konklusjon:

Med bakgrunn i ovanforståande og erfaring frå skjenkestaden, finn Rådmann å kunne tilrå at Ne`ste AS får løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk gruppe 1,2 og 3 i eksisterande lokale inkludert terrasse og allereie inngjerda område i tilknytning til Ne`ste AS i samband med Midsund fiske- og friluftsfestival i tidsrommet 15.07.2011 – 17.07.2011.

Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 vert i denne perioden sett frå kl 12.00 til kl 02.00. I same periode vert skjenketid for gruppe 3 sett frå kl 20.00 til kl 02.00.

Når festivalområdet, dette inkluderer også opphaldsrom for artistane blir avstengt, gjeld skjenkeløyve for alkoholhaldig gruppe 1 og 2 heile området slik det er vist på vedlagt kart.

Under føresetnad av at Midsund fiske- og friluftsfestival får løyve til å arrangere konsert i Antonbua 14.07.2011 finn Rådmann å kunne tilrå at Ne`ste AS får løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 på inneområde. Løyve for uteområde gjeld alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2.

Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 vert sett frå kl 17.00 til kl 02.00.

Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 3 vert sett frå kl 20.00 til kl 02.00.

Ann-Heidi Paulsen Orvik
konstituert rådmann

Marit Myklebostad
sosialleiar

Vedlegg (prenta): Søknad frå Ne`ste AS
Kartskisse over festivalområdet
Skriv med orientering om evt. arrangement på
Antonbua 14.07.2011 m/skisse over Anton m/uteområde.

Vedlegg (uprenta): Komplet saksmappe
Alkoholova

Særutskrift går til: Ne`ste AS, 6475 Midsund
Lensmannen i Sund, 6480 Aukra
Nordfjeldske Kontroll, 7282 Bogøyvær